

UTGJEVE AV JØLSTER  
- MÅLLAG - 1992 - 9. ÅRG.

# *Kan 'kje vi danse*

*Under september  
fløyelsvarmblå  
kjem du så nær meg  
at eg kan høyre deg  
– kan 'kje vi danse –*

*Midt i desember  
vindfamngrå  
bles det hit  
ein frosen bit  
– kan 'kje vi danse –*

*På februarvidda  
snøblendakvit  
glir du så lett  
stansar så tett  
– kan 'kje vi danse –*

*Inni ein maifossande vår  
finn eg deg fort  
gøymer deg bort  
der vi kan danse.*

*Jorbild Gjesdal*

# Jølster mållag

## Styret 1992

Ingrid Søyland Hope, leiar  
Kåre Lien, nestleiar  
Anny Flatjord, kasserar  
Jarle Helgheim, skrivar  
Steinar Dvergsdal, styremedlem  
Ann Elena Vie Stadheim, varamedlem

Du er hjartegleg velkommen til å bli medlem i mållaget!

Adressa er:  
Jølster Mållag  
Anny Flatjord  
6852 KLAKEGG

Bankgiro 3703.20.14470

Medlemskontigent for 1993 er 190 kroner.  
Familiemedlemer 130,- kroner.

## Innhold:

Side

Frå støyl til støyl i Jølster.....	4
Folketru .....	8
Klisjé .....	10
Frå Sjurtunet til Mexico City .....	11
Ikkje av brød åleine .....	14
Steinfylling i Kjøsnesfjorden .....	18
Den lange trettand dagen 1740.....	19
Kvernsteinar og smalehovud.....	21
På hi sida.....	22
Prolog .....	25
Ver tru mot din ungdom.....	25
Elevdikt 8. klasse Skei skule .....	26
Barneside.....	27
Dikt av Jorhild Gjesdal .....	28

## Bokdagen

I år var det nedrebygda sin tur til å skipe til bokdag. Laurdag 7. november gjekk turen til Jølster vidaregåande skule, der vi hadde lagt opp til eit tradisjonelt møte med kåseri og anna program, bokutstilling og mat.

Det er alltid ei spenning på førehand om folk møter opp, og vi vart ikkje vonbrotne denne gongen heller. Dei framsette sitjeplassane vart fylte, og vi fekk høyre eit lunt og stemningsfullt kåseri av Erling Helgheim. Som utflytt jølstring kåserte han om heimbygda sett frå stoveglaset. Ein merka på nikk og småhumring rundt i salen at mange kjende seg att i det han fortalte.

Unge jølstringar hjalp også til med program: Eikås 4H stilte med innslag frå «Jølster Nærjfjernsyn», og Blåklokka 4H hadde dramatisert songen om «Kom skal vi klippe sauën». Elles hadde Kjellaug og Kåre Lien eit stemningsfullt innslag med song og spel..

Bokutstillinga til Huus Libris vert større og meir rikhaldig for kvart år. Den nynorske bokhausten er imponerande. Her er julegåver for einkvar smak!

Takk til alle som er med oss på bokdagen, både ved frammøte og praktisk hjelp. Attåt å støtte mållaget, er det eit fint høve til å slå av ein prat med andre bygdefolk.

## Eit gledeleg problem!

Ja, vi fekk for mykje stoff til å få plass til alt i årets Jølst. Det er gledeleg at folk engasjerer seg og kjem med artiklar og anna til bladet, og vi takkar hjartegleg for det. Likevel tek vi ikkje sjansen på å utvide bladet med 4 nye sider i år òg, men gøymer det overskytande stoffet til neste år, for å nytte det i jubileumsnummeret.

Neste år er nemleg Jølst 10 år!

Ein hjartegleg takk til alle som har hjelpt oss ved å skrive dikt, noveller, artiklar og anna i Jølst 1992!

*Styret v/Ingrid S. H.*



Gotdalsstøylen mot Grønlifjellet.

I  
Eg vakna den 25. januar 1991 med ein god idé: Eg ville sjå kor mange støylar i Jølster eg kunne rekke å gå til i løpet av eitt år. Prosjektet vart starta same dagen med skitur til Hjellbrekkestøylen.

II  
Ei utmerka støyrsunde på ski kan starte frå lysloypa i Flugedalen. Ein går innover dalen forbi Vårtstøylen og Flugestøylen til Svidalsskaret. Så er det ganske bratt opp til Nipene, men ein får løn for strevet: Med 5 cm nysnø på skaren er det eit plystrande renn ned til Bergsstøylane.

No kan ein legge inn ein avstikkar til Midttunsstøylen i Midttunsdalen, og på veg ned att til Berg i Svalalen passerer ein Gamlestøylen òg.

Dersom ein har krefter til overs, og det framleis er nokre timer til det byrjar å mørkne, kan ein gå tilbake mot Svidalsskaret. Då får ein to støylar til på lista: Simastøylen og Svidalsstøylane.

III  
Det er noko med Nonsnipestøylen som fasinerar meg. Eg har sete der nokre seine vårkeldar med ein trekopp eplesider. Berre små lydar frå naturen rundt meg, frå eit lemen, ein gråtrast, ein hakkespett. Litt lengre oppe på ryggen mot Nonsnipa sit to ryper.

Og eg sit ved støyshusveggen ein liten halvtime.

# Frå støylen til støylen i Jølster

Tekst og foto av  
Kåre Lien

Ser ned mot Botnavatnet der det framleis ligg is. Ein kveld gjekk eg rundt på truger der nede og leitte etter Gamlestøylen, Sanddalen. Fann restar av ein steinmur.

IV  
Det er spanande å leite etter gamlestøylar. Her er det kanskje berre nokre murar tilbake, og det er få av støylane som står innteikna på dei topografiske karta over Jølster.

Ved Instebotnvatnet i Fossheimsdalen ligg tufter etter den gamle Kjøsnesstøylen. Seinare vart støylen flytta på grunn av rasfare, men eit hus frå Gamlestøylen kan ein sjå ved Kjøsnesfjorden den dag i dag.

VI Fossheimsdalen ligg og Gamlestøylen ved Gamlestøyshola, men kyrne ville helst ikkje gå dit, så støylopslassen vart flytta for 2-300 år sidan til Indre Fossheimsstøylen.

VII Sanddalen fann dei ny støylopslass då bygda fekk meieri, og den gamle Søgnesandsstøylen ved Femtevatnet vart flytta fordi Søgnesandsskaret kunne vere vanskeleg å passere. Ja, så vanskeleg at ein kløvhest ein gong gjekk seg utfor og slo seg i hjel.

VIII Dette tenkjer eg på medan eg leitar etter Gamlestøylen i Skrøklingedalen. Rett nok var det ikkje vanleg støy her, heller ein mjølke- og stelleplass. Så skal plassen ligge på ein flat parsell, på ein rind mellom to grøver og 4-500 meter nedanfor støy-



Bjørsetstøylen mot Sanddal.

len i dag. Men kvar? Eg har vore der tre gonger og leita. Siste gongen leita eg saman med ei ugle. Ho flaug frå grein til grein framføre meg. Men ugla var svaksynt og eg var sikkert blind, for nokon støylsplass fann vi ikkje. Men eg fann ei fin tue å sitje på då eg skulle drikke eplesideren min.

#### V

Åshild Hamar viser meg støylsråka til Holestøylen og Hammarsbakkestøylen.

Råka er bratt, men er fin å gå, og her er steinbruver over grøvene.

Sjølv var ho budeie på støylen sidan 18-års alderen, og ho minnest kor pent ho tykte det var på fjellet.

«Men det var travelt. Vi småsprang heile tida. Etter arbeidsdagen nede på gardane var det å skunde seg på støylen for å få arbeidet gjort der. Vi overnatta på støylen, mjølka kyrne om morgonen, og så var det ned att i bygda for å hjelpe til i vinna.

Heldigvis var kyrne våre flinke til å kome. Eg hugsar berre ein gong dei ikkje kom, og eg trudde dei var farne utfor Blåsvaet. Eg gjekk for å leite og fann dei ståande i ei råk. Dei kom seg ikkje vidare for nokre steinar sperra råka, og ovanfor var eit sva, og nedanfor svært bratt. Men eg fekk steinane vekk, og kyrne kunne gå heim til støylen. Men då var det heilt mørkt og eg såg ingenting. Eg tok tak i halen på den bakerste kyra og dilta etter. Eg trur

dette var einaste gongen at kyrne våre ikkje kom heim».

Fortel Åshild Hamar og ser utover støylsvollen. Det er tidleg i juni, mykje snø har det vore i vinter, og framleis ligg snøfonner bortover mot Hamarseggja.

Og borte på myrane, som skin i kvit myrull, låg eingong ei farleg tjørn. Ei tjørn utan botn, og dette skremde dei voksne ungane med, så dei skulle halde seg unna. Og der var farlege grøver, der vatnet hadde greve seg langt innunder torva.

Det er på tide å gå nedatt i bygda. Støylsdrifta tok slutt her kring 1960, men sauene og fjellvandrarar held støylsråka open.

#### VI

Framleis kan ein gå i fotspora til fleire generasjonar jølstringar langs dei fine støylsråkene vi har att.

Til Hjellbrekkestøylen er råka hellelagt over myrane, til dei tre støylane i Fygladalen kan ein gå på tørre svaberg ein sommardag og til Gunnastøylen kan ein fylge den gamle råka på vestsida av elva.

Til Bjørndalsstøylen er òg ein fin sti. Og parkerer du ved sandtaket og går litt feil på heimturen kjem du kanskje til ein støylsvoll med restar av eit hus. Det er Bruatånet, ein heimestøy under Midttunet.

På veg til Holestøylen kan du setje deg ved Akslasteinen. Her kvilte alltid budeiene når dei kom frå støylen om morgonen. Så kunne dei prate litt

saman før dei skilte lag. Nokon skulle til Hammarsbakken, dei andre til Hammarshola.


Og medan eg nyt den strålende utsikta frå Sægrovstøylen tenkjer eg på kor grovt eg bomma på råka til Bjørsetstøylen. Eg sat fast oppe i raset ein halv laurdag, før eg fann ut at det luraste eg kunne gjere var å klatre til topps på Bjørsetfjellet på austsida av raset. Dette var den varmaste sommardagen i 1991, og eg vurderte å avslutte støylsprosjektet der og då.

#### VII

Ei flott støylsrunde kan starte på Erikstad i Årdalen. Fyrst kan ein gå til Erikstadstøylen. Ein kan fylgje traktorvegen det første stykket, men kjem så inn på fin, gammal støylsråk. Vidare går ein over skaret til Helgheimstøylen. Og derifrå til Husstøylen og ned til Hus. Så ruslar ein bilvegen tilbake til Erikstad.

Dette er ei fin runde som tek 4-5 timer, og tykkjer ein dette vert for kort, kan ein stogge litt oppe i skaret. Her kan ein gå til høgre mot Såtefjellet eller til venstre mot Langebotsegga.

Opp i steinrøysa der ligg ei helle som er utmerka å kvile middag på.



Befringstøylen.



Årsetstøylen.

#### VIII

Ein varm kveld seint i juli gjekk eg opp lia til Strandstøylen. Eg kvilte på Støylyhamaren og drakk ein god kopp eplesider der.


Frå støylen gjekk eg vidare til Strandsbotnen, og så til toppen av Klauva. Frå dette tøffe fjellet er det flott utsikt. Vidare bratt ned austsida til Ånesstøylen. Frå Sanddalen gjekk eg bilvegen tilbake til Strand.

Men skal eg vere heilt ærleg var det eigentleg ikkje støylar eg leitte etter den kvelden.

#### IX

Juklestadstøylen fekk eg auge på frå bilen. Støylen var ikkje innteikna på kartet mitt, men eg tenkte det ville verte lett å finne støylen dersom eg kom over Bjørsetfjellet. Så kunne eg berre stå på fjellet og sjå ned på støylen. Sjølvsagt kunne eg ha spurt meg føre på Juklestad og gått støylsråka, men eg hadde lyst på ein lengre tur.

Saman med Helge J., ein kamerat som aldri seier nei til ein tur, starta vi ein nydeleg septembermorgen. Vi tok bilet av ein vårstøylen på Åhus, og gjekk så støylsråka til Fjellstøylen. Der hadde vi morgonkaffi i soloppgangen. Vi klauv opp ryggen



Skrøklingestøylen.

til Hegrenesnipa, rasta på toppen, måtte ta det svært forsiktig nedatt på austsida fordi det var så mykje issvullar, kom ned i skaret over Skardsstøylen og slappa av på toppen av Bjørsetfjellet 1003 m.o.h. Det var framleis tidleg på dagen og ein haustdag av dei sjeldne. 5 cm nysnø på Bjørsetfjellet, ei luft så utruleg klår og ei framifrå utsikt. Vi drøymde oss både til Isvassnipa og Skjorta, men det var til Juklestadstøylen vi skulle. Og det brukte vi resten av dagen på.

Vi kunne aldeles ikkje sjå Juklestadstøylen frå Bjørsetfjellet, og ingen av oss hadde vore der før. Vi tok avstikkarar frå fjellet og ned i skogen, fann ingen støy og traska oppatt på fjellet. Eg sette frå meg sekken og sprang lett og ledig ned lia til eit høveleg utsiktspunkt, fram med kikkert, men ingen støy. Oppatt vart det så vanvittig tungt, og vel oppe var både sekk og kompis borte. Så vasa eg rundt ei stund, fann endeleg sekken og deretter Helge. Han hadde vore klok nok til å stå på same plassen heile tida.

OK, vi fekk ta det meir alvorleg. Vi tok kart og kompass og krysspeila kvar støylen sannsynlegvis ville ligge. Deretter gjekk vi målbevisst ned lia på venstre sida av ei lita grov. Og så låg berre støylen der. På ein liten avsats i bjørkelia og med sol på eit torvtak. Og vi drakk kaffi medan sola vart heilt borte.

Så tok vi støyrsråka ned til Juklestad. Trudde vi!

## X

Det vart 70 støylar på eitt år, og eit album med bilete av alle støylane. Det kunne eg trøyste meg

med sommaren 1992, då planane om turar til dei 30 støylane eg ikkje hadde vore på, regna bort.

## XI

Stundom ringjer sportsjournalistar frå dei store avisene og spør: «Kven er det eigentleg som har støyrekorden i Jølster?» Då må eg berre kremte forsiktig og svare: «Det er nok eg det!» «Men hugs,» legg eg til, «det er ikkje nok å sjå støylen. Reglane krev at du må ta på støylen».

Og så fortel eg kanskje historia om fyrste turen min til Skrøklingestøylen, då eg fekk auge på Åsstøylen på andre sida av elva. Det var den 24. november, og det var mykje snø oppe i dalen. Elva var umåteleg stor, og eg var så nær Åsstøylen utan å ha vore der. Då vart eg freista til å setje Åsstøylen på lista.

Men eg gjorde det ikkje. Nei, eg gjorde det ikkje. Eg tok meg fram sørover dalen, utan ski eller truger, med tung og våt snø langt oppover låra. Elva var så altfor stor, men til slutt orka eg ikkje gå lengre, våtare enn eg var kunne eg heller ikkje bli, så eg la kursen over dei ville stryk. Så vassa eg tilbake gjennom småskogen og over myrane, til eg endeleg stod på støylen. Så kunne eg ta på ein støylnmur. Deretter kunne eg setje Åsstøylen på lista.

«Så slik er reglane,» seier eg.

Så har kanskje du som les dette allereie starta med å skrive ned namn på støylar du har vore på. Kanskje bestemmer du deg for å gå til nokre støylar der du aldri har vore. I alle fall har Jølster fantastiske støylar. Så riktig god tur, berre du ikkje slær rekorden min.

# Folketru

Tekst av Anne Grete Helgheim

Folketru er ikkje overtru. Folketrua var som ein religion i det gamle samfunnet. Nissar, tussar og trollskap var ein realitet som dei trudde på langt inn i det førre árhundret. Ein realitet som hadde mykje å seie for det daglege livet. Folk innretta seg etter folketrua, og levde i noko dei trudde var eit samspel med dei dulde maktene.

Skulle det f.eks. byggast eit hus, var der mange hensyn å ta. Det kunne hende at dei underjordiske allereie hadde bygt hus der, og då var det jo ikkje meining i å bygge eit til på same staden. Det hende til og med at folk reiv ned heile hus og sette dei oppatt på ein «sikker» stad, om dei fann ut at det var ei såkalla «tussetomt».

Når folk flytte inn i eit nytt hus, var det første dei gjorde å setje tjærekors på døra. Dette skulle verne den nye heimen mot vondle makter. Dersom dette vart gløymt, kunne dei risikere å vakne opp første morgenon med stova full av trollskap.

Alt som hende og ikkje kunne skikkeleg forklara, fekk dei underjordiske skulda for. Når noko hende med husdyra, var det tussane som hadde sett «ilt» på dei. Miste nokon ei ku på fjellet, så heitte det seg straks at det var «hitt folket» som hadde teke ho. Når dei så fann att dyret halvdaudt av svolt, vart det klart for alle kor føle tussane kunne vere. Dersom kyrne slutta å mjølke, kunne det vere eit teikn på at dei underjordiske var sinte eller misfornøgde med noko. Kanskje hadde nokon gløymt å varsle når dei slo ut varmt vatn på trappa, så hadde dei tømt vatnet ned på ein tuss? Eller kanskje hadde dei bygt hus på ei tussetomt?

Men uansett kva folk trudde, hadde nok det aller meste «uforklarlege» som hende si naturlege årsak. Ein eldre lærar her ifrå Jølster fortalte skuleborna ein gong ei gassehistorie han hadde ei naturleg forklaring på:

«Det finst ikkje nokon gasse. Alt det folk vert ute for og gjev gassen skulda for har si naturlege årsak. Såleis var det ein mann som ein kald vinterdag skulle ro over Jølstravatnet til Sanddal. Då han var komen over, rende han båten opp mellom to steinar i strandkanten.

Mannen vart verande lenge i Sanddalen. Han kom opp i eit gjestebod og fekk rikeleg med både mat og drikke — det siste ikkje minst. Seint på kvelden kom han ned att til båten sin. Det var mørkt og bitande kaldt. Mannen tok i båten for å skubbe han ut, men båten sat fast og var ikkje til å rikke. Då skjøna han at gassen heldt att, og tok i av alle krefter. Då gleid båten ut snøgt. Ja, det gjekk så fort at

mannen stupte på hovudet fram i båten. Då han reiste seg att høyrdé han berre kor gassen lo inne på stranda.

Båten hadde frose fast. Då mannen tok i, tverrbrotta isen, og dei bårene som skvulpa inne på stranda i den stille kvelden, mulla mellom steinane, og isbitane singla. Dette trudde mannen var gasselått».

Slik kunne altså ei heilt uskuldig historie verte til ei skremmande segn som folk trudde på. Når folk vart skremde, tok fantasiens ofte makta. Og såleis var det mest ikkje grenser for kva skapningar folk «såg» rundt ikring. Ein av dei mest vanlege av desse fantasiskapningane kan vel seiast å vere nattopp gassen.

Gassen var ikkje noko særleg farleg, men full av fantestykke. Han kunne vere brysam å komme ut for, og spesielt godt lika han å erte folk som var ute og reiste. Gassen heldt seg ofte nær elvar og i strandkanten, men det hende også at han røk frå stad til stad og leita etter høve til å gjere nokon ein fantestrek.

Det var ofta mørke kveldar og netter at gassen var ute, og folk syntest det var nifst når dei forstod at gassen var i nærleiken. Då var det betryggande å ha med seg ein tollekniv eller ein anna gjenstand av stål. Ettersom gassen var eit underjordisk vesen, vart trolldomen broten om ein hadde stål på seg. Det kunne også hjelpe om ein svor og banna eller aller helst nemnde namn på heilage personar. Haddé ein ikkje stål på seg, eller ikkje kom på nokon heilag person, kunne det hjelpe om ein kom seg inn på ein åker. Gassen lika seg ikkje på dyrka jord, der miste han makta si.

Det var mange meiningar om korleis gassen såg ut. Han kunne skape seg om og syne seg i mange ulike skapningar. Han kunne f.eks. vise seg som ein gris eller ein hest, men aller helst synte han seg som ein stygg liten hårete kar. Likevel var det nok mest vanleg at han var usynleg, ettersom han ofta berre kom fram etter at det hadde vorte mørkt...

Gassen vart visstnok til etter fødslar, dersom dei ikkje passa på å enten brenne etterburden eller grave han ned i dyrka mark. Gassen vart sett på som eit underjordisk tvillingvesen til det barnet som vart fødd. Han kunne også oppstå dersom eit barn som vart fødd i løyndom utanfor ekteskap, vart utsett eller gravlagt i uvigd jord.

Det finst mange segn som fortel om gassen og fantestykka hans. Ei av dei handlar om Døsagassen, ein gasse som etter sagnet å dømme heldt til ved ein gammal gravhaug på Åhus.

«Mellom Åhus og Nedrebøgårdane låg eit utmarkstykke som vart kalla «Døsa». Truleg hadde der i gamal tid vore ein gravstad. Bygdevegen gjekk over dette stykket og ein stad gjekk han over ein liten haug dei kalla «Bygdahåjen». Han kunne etter form og storleik sjå ut som ein gamal gravhaug. Folk hadde respekt for denne haugen, og det var få som kjende seg trygge når dei forbi der om natta.

Ein mørk kveld kom ein av Øvrebøkarane på veg heim. Det var vinter og mannen køyrdi difor med hest og slede. Då han kom fram til «Bygdahåjen», datt plutselig eine slededraget av. Karen gjekk fram til hesten for å rette på dette, men selepinnen var borte. Mannen hadde heldigvis med seg reservepinne og fekk sett på plass ein ny. Men akkurat då han var ferdig datt venstre seledraget ned.

Mannen tykte dette var rart, og blei ikkje mindre forbausa då han kom fram på venstre sida og såg at også denne selepinnen var borte. Han fann fram ein ny reservepinne og fekk sett den på plass, men då datt det høgre slededraget ned på ny. No var det slutt på reservepinne. Karen vart redd, for no skjøna han at gassen var ute med fantestrekane sine. Så tok han og spente hesten sin frå høysleden og for heim med hesten lausreipa.

Dagen etter for karen attende til Døsa og fann att sleden og lasset. Alt stod urørt slik han hadde forlate det kvelden før. Han såg ikkje spor etter «Døsagassen» men ikkje såg han noko til selepinnane heller...

Folk hadde stor respekt for gassen og dei underjordiske og det lønte seg å vere på godfot med desse usynlege grannane. Særleg var det viktig å vere vener med huldrefolket, dei som visstnok heldt til i haugar og berg. Huldrefolket var ikkje til å spøke med, og fekk ein desse på nakken, vart ein ofte råka av ulykke.

Huldrefolket likna på vanlege menneske, men dei skulle vere noko mindre av vekst. På mange måtar vart huldraheimen skildra som ei avspegling av vår eiga verd. Huldrefolket hadde gardar med hus og åkrar, og flokkar med husdyr som beitte om natta. Buskapen blei stelt av huldrer og vakta av svarte hundar. Dei hadde sine kongar, prestar og kyrkjer. Ein haugbu var fødd, gifta seg og døydde, akkurat som vi menneske. Ofte blei det fortalt at tussane eigde store rikdomar, særleg sølv. I huldraheimen skulle alt vere så mykje meir kostbart enn i den menneskelege verda.

Dette at dei var usynlege for menneske, hadde mange forklaringar. Den mest vanlege var at tussane hadde på seg ei slags magisk kappe når dei ville gøyme seg. Ei anna tru var at det var ein slags tåkedis eller eit slør mellom manneheimen og huldraheimen. Av og til kunne det hende at det opna seg ei rift i tåka, slik at innbuarane i dei to verdene kunne møtast ansikt til ansikt.

Ingen stader var det større sjanse til å møte på huldrefolk enn på sætra. Folk trudde at tussane flytte inn på sætra når gardsfolket reiste heim om hausten, og flytte ut når bøndene trond stølshusa om våren att. Det var skikk når folk flytte inn på sætra med buskapen, at dei helsa på tussane og bad om lov til å vere der ei viss tid framover. Når dei så reiste heim, takka dei huldrefolket fint for opphaldet. Det var risikabelt å bli verande lenger på sætra enn dei var blitt einige med tussane om, og det var få som våga å legge seg på sætra om vinteren.

Det var mange døme på at menneske og huldrefolk levde fredeleg ilag, og hjelpte kvarandre. For det meste galdt hjelpe slikt som hadde med det daglege arbeid å gjere, men somme segner fortel f.eks. om at det vart sendt bod etter gardskjerringa når kona til huldrakallen låg i barselseng. For slike tenester fekk kona alltid rikeleg betaling. Og huldrefolket på si side stod oftast saman med grannane sine når dei var i knipe.

Folk kunne også ha ei anna haldning. I staden for å bukke for dei underjordiske, kunne dei ta kampen opp for å bestemme sjølv på eigen grunn. Men så snart nokon gjorde noko tussane ikkje likte vart dei farlege for både folk og fe. Då kunne det lett bli til ein open konflikt som etter kvart utvikla seg til ein kamp på liv og død.

I denne kampen hadde folk tre sterke våpen: Guds og Jesu namn, stål og eld. Stål var særleg effektivt. Ikke berre dreiv det motstandarane på flukt, men mange kunne også bli ein hest rikare ved å kaste ein kniv eller ei øks over han. Somme skal etter gamle segner å dømme til og med fått seg ein heil gard på denne måten. Akkurat som tussane sjølve, hadde eigendelane deira same eigenskap, dei var usynlege. Men ettersom ein greidde å kaste stål over tingene, vart trolldomen broten. Då vart han synleg for all framtid, og huldrefolket hadde ikkje makt til å kreve han attende.

Men huldrefolket kunne stjele husdyr og nokre gongar hende det at dei kidnappa menneske òg. Det finst mange segner om born som blei røva bort og inn i haugen eller berget. Vaksne kunne også verte lurte inn til tussane eller verte bergtekne. Gjetarane og andre som ferdast mykje i skog og fjell, kunne komme bort på ein mystisk måte, eller overnaturlig måte — alt ettersom folk såg det. Den einaste naturlege forklaringa var at dei underjordiske hadde tatt dei.

Når nokon vart bergtekne, var det to måtar å få dei attende på. Ein kunne skyte dei ut av berget med stålkuler(!) eller ein kunne ringe med kyrkjeklokker. Mange segner fortel om jenter som vart ringde attende til den menneskelege verda rett før ho skulle giftast med ein gammal huldrakall inne i berget. Huldrakallane ville gjerne gifte seg med jenter frå vår verd, og det var såleis ofte unge jenter som vart bergtekne.

Av og til kunne huldrekallane også legge ut på friarferd og oppsøke stølsjentene på sætra. Det måtte knep til for å bli fri ein slik tusse, han gav seg ikkje etter første forsøk. Somme gonger kunne det gå slik at tussene på hengande håret fekk viljen sin med jenta, slik som i denne segna her ifrå Jølster:

«På garden Kjelsnes var det ein gong ei jente som var ute for ein huldrekall som ville gifte seg med henne. Jenta vart lei seg av dette, ho var trulova med ein gut frå Kjelsnes.

Så hende det ein sommar medan ho var stølsjente, at det ein kveld kom eit heilt følgje med huldrefolk på vitjing i Danelselet der ho heldt til. Meininga var at no skulle jenta viast til huldrekallen enten ho ville eller ikkje.

Rette kjærasten til jenta var heime i bygda, men

denne kvelden var han så uroleg og rar av seg. Han fekk ikkje fred på seg, og best det var strauk han til fjells.

Då han kom opp til Danelselet, hørde han felelåt og allslags ståk inne. Han kvakk med det same — kom seg opp på selstaket — og såg ned gjennom ljoren. Der fekk han sjå eit syn. Jenta hans sat pynnta som brur, med krune på hovudet. Attmed henne sat ein blåkledd gut han ikkje hadde sett før. Men kjærasten skjøna kva som stod på. Han reiv opp ljoren og slepte tollekniven ned i fanget på brura. Med eitt kvarv huldrefolket bort. Berre brura sat att med brurekrona på hovudet.

Dette bruresølvet følgde med jenta då ho som gardskone flytte til Kjelsneset. Der finn ein det den dag i dag...»

# Klisjé

*Der sat ein mann  
på eit stabburstrev.  
han skar i ein trestokk  
sitt arvebrev.*

*Mannen døydde,  
vart lagd i grav.  
På stabburet fann dei  
ein krotastav.*

*Sonen tok den  
og bar den bort.  
Ein prest fekk kjøpt den  
for fire ort.*

*Så stal dei mørsteret,  
skava og skar  
stavar i handa  
på kvar ein kar.*

*Men ingen såg  
og ingen forsto  
arvebrevet, —  
og kva der sto.*

*Edgar Holen*

# Frå Sjurtunet til Mexico City

«Etter 2 år i Mexico City med altfor mange bilar og därleg luft, er det herleg å komme hit opp på støylen» – slik skriv Oddlaug Klakegg i hytteboka vår. Vi kosar oss med norsk tradisjonsmat: gombe og spekemat, med varme på peisen, 620 m.o.h. på Grepstadstøylen i Stardalen. Dagen er den 7. juli 1992, det er kveldssol over støyshusa og sommarkvelden er god. Oddlaug, som til dagleg er arkivar i den norske ambassaden i Mexico, er heime i Sjurtunet på Klakegg på sommarferie.

–Kva fekk deg til å søkje på ein jobb i Mexico?

–Det er helt tilfeldig at eg kom til Mexico. Eg hadde lyst til å arbeide i eit spanskalande land, og så vart jobben i Mexico ledig først. Ved den norske



ambassaden i Mexico er det fleire kontorfunksjonar enn i andre Sør-Amerikanske land.

–Har du søkt på slike stillingar i mange år?

–Denne stillinga vart ledig etter at eg hadde arbeidd i Utanriksdepartementet i 2 år. Ein må ha arbeidd i U.D. først for å få ei slik stilling, og ein må også kunne snakke spansk. Om ein ikkje kan språket frå før, får ein opplæring gjennom U.D.

–Fortel litt om kva arbeidet ditt går ut på.

–Hovudarbeidet er å vere arkivar: arkivere sakene, sende telefax og vikariere for kansellisten når ho er borte. Kansellisten skriv ut pass, ordnar med sjømanns-saker, tek seg av nordmenn som er naudli-



På sykkeltur i nærleiken av der eg bur.

dande, og fører rekneskap. I slike tilfelle må eg arbeide for to.

–Kor lang er arbeidsdagen din?

–Arbeidsdagen startar kl. 9.00 og vi har kontortid til kl. 16.00. Men det vert mykje overtidsarbeid. I det siste har vi fått ombygd kontorlokala våre, og p.g.a. tryggleiken, må det sitje ein norsk arbeidstakar for å passe på desse arbeidsfolka. Det vert ofte mykje helgearbeid, sjølv om vi har fri laurdag og søndag.

–Har du direkte kontakt med dei mexikanske innbyggjarane gjennom arbeidet ditt?

–Ja, mexikanske kundar med interesse for importvarer er det eg som tek meg av. Det har teke seg opp med meir import av norske varer, og då formidlar eg adresser.

–Kor lang ferie har du?

–Eg har 6 veker ferie gjennom eit år. Ei lokal ferieveke må takast i Mexico, og ambassadøren kan innvilge ei ekstra ferieveke.

–Har du tenestebustad?

–Nei, eg leiger leilegheit, men husvære som ligg nær opp til ambassaden er svært dyre – 1200 dollar (ca. 7.500 kr.) for månaden. Storleiken på bustaden min er 100 m<sup>2</sup>, 2 stover, 2 soverom, kjøkken og bad. Eg bur i ei bakk – og det er ein sikker bustad. Der er portnar om dagen og politivakt om natta. Blokka har 7 høgder – og i området der eg bur, er der ein del høge blokker. Det er eit bustadområde, men likevel lite trafikk.

Den norske stat dekkjer buutgiftene og held møblar i bustaden og samanlikna med norsk leves-

tandard vert økonomien betre. Lønna er den same som i Noreg, men vi betalar mindre skatt.

Matvareutgiftene er omlag 1/3 av det de må betale her heime. Bil må ein halde sjølv og bensinprisen er ca. kr. 1,50 pr. liter. Det er ein fordel å ha ein liten bil som er lett å parkere. Sjølv har eg ein Golf.

–Er det store avstandar mellom bustaden og arbeidsplassen din?

–Det er ca. 10 min. køyring – stort sett smågater, men eg må krysse to nokså trafikerte og så parkeerer eg bilen på gata utanfor ambassaden.


–Eg reknar ikkje med at raspekaker står på vekeumenyen din, men kan du fortelje litt om maten?

–Eg lagar middag sjølv heime, der eg ofte brukar chilikrydder, krydder som friskar opp. Eg lagar gjerne TACO: legg ei «potekake» av maismjøl i botnen på ei panne, slår kjøtsaus, løk og ost over og kokar dette, og har avocado eller brekkbonner til. All salat vi kjøper, må ligge i desinfeksjonsvæske i ca. 20. min, då den kan innehalde amøbe. På restaurantane brukar dei mykje sitron og tequila (brennevin, laga av kaktusen MAGEY), for å drepe bakteriane i maten. Dyr restaurantmat er rein mat, men mat som vert seld på gata er det ikkje bra å ete. Forureina mat er eit stort helseproblem, med mage og tarmsjukdomar, og ein medisinkur i ny og ne som nesten ein del av kvardagen.


Det billegaste du kan få kjøpe er taco og bønner, og dei fattige meksikanarane lever av dette.

–Fortel litt om storbyen Mexico City.

–Mexico City er verdas største by – og verdas mest forureina by. Det er ein pen by, med mange histo-



Utsikt mot  
vakre fjellkjeder i Mexico.



Eit typisk gatebilete frå Mexico.

riske bygningar og pyramidar. I den seinare tida har den vorte amerikanisert. Mexico er eit mangfaldig land, med stor skilnad på fattig og rik. Minstelønna pr. dag er omlag 30 kroner – for dei som er så heldige å ha ein jobb å gå til. Sjølv har eg hus-hjelp for å halde ei fattig kvinne med arbeid. Vi kan lønne dei bra i høve til minsteløna. Ho vaskar, støvsugar, stryk klede og vaskar opp, men ho har ikkje som oppgåve å lage mat.

Mellomklassen i Mexico har gått ned i status, og har fått det dårlegare no enn på 70-talet. Ein lærar tener 600 pesos (1.200 kroner) i månaden.

Mexico City ligg 2200 m.o.h. med fjell på alle kantar, og det vert som å vere i ei gryte. Sterke vindar må til for å få lufta til å sirkulere. Oson er ein giftig gass som vert danna når sollyset verkar inn på forureina storbyluft. Oson finst også ved jordoverflata – og er det verste av alle stoff i lufta. Konsentrasjonen av oson vert målt i IMEKA. Verdas helseorganisasjon WHO meinar at lever ein meir enn 1 time i året i luft der det er meir enn 100 imeka oson, er det helsefarleg. I Mexico er det berre 4-5 dagar i året under denne grensa. Det er også påvist at meksikanarar har meir bly i blodet enn folk elles.

I mars 1992 opplevde vi historias verst forureina dag. Det vart då målt 285 imeka, skular, barnehagar og fabrikkar vart stengde, og det blei forlangt redusert bilbruk.

–Den fritida du har, korleis nyttar du den?

–Det første året reiste eg nesten kvar helg ut av

byen for å sjå nye stader. Mexico er eit variert, interessant land, med mange spennande reisemål. Der er fine fjell og fjellovergangar i Mexico. Ein gong var vi på ein fjelltur med guide og vitja Taramarra-indianarar som bur i holer i fjella. Dei var svært reserverte, og vi fekk lite kontakt med dei – men vi kunne beundre dei flotte, fargerike drakte-ne deira. Mexico City er ingen by å bu i på lang sikt. No reiser eg ut av byen for å få frisk luft.

Stort sett vert det rutinemessige dagar, men i helgane vert det av og til stelt i stand festar for ambassadefolk – på tvers av nasjonalitetsgrensene, som til dømes danske, svenske osv. Vi har avslutningsfestar for folk som avsluttar tenesta, eller innviingsfestar for nye tilsett. Der er også eindel «innfødde» meksikanarar på desse festane, så vi vankar i eit internasjonalt miljø.

–Kva kan du fortelje om årstidene?

–Mexico ligg nord for ekvator, og der er sommar slik som hos oss. Men det er svært tørr luft. Det er stor skilnad på dag- og natt-temperatur – opp til 20°C. Om vinteren er det tørketid, med regntid i mai månad. Om vinteren mørknar det ca. kl. 18.00 og om sommaren ca. kl. 19.00, og nettopp lyset er det eg reagerer på no når eg kjem heim og nyt lange, lyse sommarkveldar, avsluttar Oddlaug, som tek vel i mot den friske fjellufta og sommardagane heime i Sjur-tunet på Klakegg.

Anny Flatjord

# Ikkje av brød åleine

September. Grovanova kastar alt sin skugge over Sægrov. Små jordlappar smyg seg inn mellom steinane ved foten av stupbratte skreder. Her ville mange komme til kort med å skaffe seg brød!

Han stig over tunet på veg frå låven, slitaren, åndsmannen. Velbrukte arbeidsklede, liten, raudlett, smålåten, grann i målet. På nært hald møter ein eit fast blikk. Augo er granskande nesten kvasse. Skrive om meg? Nei, det er no ikkje noko å skrive om meg vel.

Heile livet har han levd på Sægrov. Med knapt tilmålte stykke av moder jord, har han og kona i samarbeid med naturen, fødd og fostra familien.

–Eg overtok den simplaste garden i mils omkrets. Dårleg både med hus og jord. Valet var enkelt. Skulle ein overleve, var det berre å late ryggen til. Men hadde eg ikkje fått ei slik kone, hadde det nok likevel aldri gått. Ho er mykje flinkare enn eg!

Det har vore slit og arbeid og slit og arbeid. Men ikkje berre slit og arbeid. Anders P. Sægrov har alltid vore glad i å lese og skrive. Som gutunge las han alt han kom over av aviser. No er han 82 år og har truleg skrive over 100 prologar. Lesarane kjenner han for årvisse bidrag i Jølst.

Skulle tru at tankane til denne prototypen på den norske slitaren, ville krinse mest om jord og stein. Men her finst enno det mjuke og vare. Hør berre frå siste 17. mai prologen i grendahuset.

«Strilyndt var den første vinter, men til slutt var det vår.

Då stod der på berga ei kvinne med utslått hår, og lyfte sitt barn mot sola — — »

–Har du aldri greidd å bestemme deg for kva du skal vere, slitar eller åndsmann?

–Eg føler meg som eit slags dobbeltmenneske. På



*Ein må vere med på det som er positivt og byggjande.*

eine sida det heilt naudsynte materielle sliet. På den andre sida interessa for det skrivne ordet.

Ingen tvil om at fordjupinga i dikting til tider har vore stor. Familiemedlemmar fortel at dei på det verste fann det rett å halde eit visst oppsyn med at alle dyra fekk den maten dei skulle. Nokre grendafolk ser på han som streng og kjedeleig.

–Som avhaldsmann og moralist har du vel gått glipp av mykje moro i livet?

–Eg føler at eg har hatt eit rikt og godt liv på alle måtar. Spøk og alvor har gått hand i hand. Heime har spøken av og til gått så vidt at mange ville seie det var gapete.

–Kunne ein ikkje funne betre kår å leve under ein annan stad?

–Ein må ikkje gå å tru at det og det, eller der og der er det så mykje betre. Då får ein aldri ro på seg. Sjå heller litt baketter og tenk som så. I bestefar mi si tid var det slik, i far min si tid var det slik. Dersom eg legg kreftene til, skal eg greie å gjere det litt betre for meg og mine.

–Nokre meiner vi kan kjøpe maten i utlandet. Ser du nokon framtid for jordbruk på våre kantar?

–Kjem vi inn i EF utan særvilkår, vert vi utraderte. Bittert då å ha lagt ned alle krefter på jorddyrkning og husbygging med tanke på etterkommarane. Forferdeleg å tenkje på om garden skulle gå attende til øydemark.

–Ser du nokon likskap mellom krisa i 90-åra og krisa i 30-åra?

–Førespelet til krisa liknar. Mykje overmod og spekulasjon. Verknaden for den enkelte er som natt og dag. Sjølv arbeidslause har no ein materiell levestandard som er høgre enn vi kunne drøyme om i 30-åra. Grunnen til dette er at ein gjennom offent-

lege underskotsbudsjett skyyv rekninga ut i framtid-a.

Den gongen var det lite hjelp å få. Det var folk som kom heim frå Amerika og hadde spart seg opp ein 20.000 kroner. Det var eit bra gardaverde den gongen. Når Landsbanken gjekk konkurs tapte dei 98%.

Far min hadde drive anleggsarbeid. Han tok på seg å bygge 8,6 km køyreveg til Kjøsnesfjorden for 72.000,- kroner. Med det heldt han 18-20 mann i arbeid i 5 år. Mange hadde under 40 øre timen, men dei greidde seg bra på det, tykte dei.

-Folk i dag har likevel mindre visjonar og framtidstru?

-Den gongen trudde vi alle at det skulle bli betre med tida. Det vert fattigsleg når ein tapar trua på framtida. På dette området er folk fattigare, kanskje fattigare enn nokongong.

-Du har sjølv sete i kommunestyret. Har du noko råd å gje til politikarane i dag?


-Dei skulle tenkje meir på å vere menneske. Eg ser folk som eg likar og har tiltru til. Når dei blir politikarar er det nett som dei gode sidene forsvinn!

-For eit par år sidan var du iferd med å misse synet. Du møtte visst liten vilje til å gjere noko med det i første omgang.

-Jaaa-a, dei tykte vel det var lite å legge ut pengar på, så gamle auge. Men det er no so, når ein er åndsfrisk, ville det no vere litt stusseleg å bli sitjande utan syn! Eg vart no operert, og no greier eg meg godt, sjølv om hørselen sviktar litt.

-For mange av oss er du uløyseleg knytt til 17. mai feiringa. Feirar vi 17. mai om 10 år?

-Det vil vere vanskeleg å feire 17. mai under EØS. Som medlem i EF-union vil det vere umogeleg og meiningslaust. Eg trur folk som går inn for dette,



*Små jordlappar smyg seg inn mellom steinane.*

har studert historia til landet for därleg. Om det er det det står på, får vi heller tåle litt mindre materiell velstand, og behalde sjølvråderetten. Med vår del av folketall og stemmer i Europa, tur eg like godt vi kan tote «å stå på gangen», som dei seier.

-Kva driv du meg no, skriv du?

-Nei det går i vanleg gardsarbeid. Litt ute, og så fjøset kveld og morgen. Det er helst i mørke vinterkveldar eg skriv.

-Kva er det som gjer at ein trufast og pliktoppfylende står på sin post, arbeid og slit eit langt liv. Kva er drivkrafta?

-Det er nettopp framtidsvona. At ein skal gjere det betre for seg og etterkomarane, for landet.

-Kva er oppskrifta på å ikkje fortape seg heilt i det «jordiske» slitet?

-Ein må ikkje stenge seg inne å berre arbeide og ete. Då vert det eit fattig liv. Ein må lese, ta seg ut, vere med på det som er positivt og byggjande. Bruke åndsevnene.

-Har du tenkt på kva det er som gjer oss lukkelege i det daglege?

-Kvardagsleg sett er verdien i livet at du har nokon som bryr seg om deg, og at det er nokon du betyr nokon for.


-Kva ventar ein etter eit langt liv. Er det døden som er løna for strevet?

-Det ville vere meiningslaust om det var slutt med dette. Eg er overtydd om at det kjem noko etterpå!

*Steinar Dvergsdal*



*Utan henne hadde det aldri gått. Ho er mykje flinkare enn eg.*



FÆLSLEG VAR Å HØYRE  
KVA FUGLANE SKREIK  
DÅ HESTAKONN AUDUN  
REID BAUBREKK  
MOT BJØRGVIN  
DEN MORGONEN ÅRET 1298.



Steinkøyring i Kjøsnesfjorden ein vinterdag i 1946. Til venstre på fotoet ser ein nokre av fyllingane. Foto: Bjarne Befring.

# Steinfylling i Kjøsnes- fjorden

Av Bjarne Befring

Ein del stardølingar var med nokre vintrar når isen var sterkt nok, og kørde Stein til fyllinga til det som vart veg over Kjøsnesfjorden. Og her ein dag kom eg over eit foto eg tok frå steinlasset ein slik vinterdag i 1946. Kameraet var eit kasseapparat med to blendaropningar og ei eksponeringstid på 1/25 sek.

Den dagen fotoet er teke, var Jon P. Befring òg med frå Stardalen, og eg trur det er han som er på veg etter nytt steinlass til høgre i biletet. Truleg var der kring 15 hestar og 25-30 mann i sving denne dagen.

Dei som leste på steinlassa hadde nok tyngste jobben, og det synte godt i steinrøysane på Kjøsnesstranda etter ein slik steinkøyringstur. Men dei laut

henge godt i dei som var ute på fyllinga òg, for der strøymde stadig på med steinlass som skulle tømast. Og så skulle der lagast ei brei råk i isen der steinen skulle fyllast i.

Dei som hadde det makelegast var nok vi som kørde. Men vi vart veldig godt mottekne, kanskje mest på grunn av at vi kom heilt frå Stardalen for å hjelpe til med dette storarbeidet. Og så hugsar eg at dei store, kraftige steinsledane som vi hadde skaffa oss i samband med elvareguleringa i Stardalen, vart beundra. Dette med dei kraftige sledane førtे òg til at vi fekk dei største steinane. Og desse ruggane vart plasserte på fyllinga slik at dei kom nærmast botnen for ikkje å trykkje fyllinga for mykje utover når dei vart velta av.

Vi hadde med oss litt mat, men den hadde lett for å bli stivfrosen. Ein på Sørsida, som eg har gløymt namnet på, bad oss heim til seg til middag. Eg synest endå synd på ho som heilt uventa fekk to glupske mannfolk i 20-åra til middag!

Vi overnatta på Sægrov, og kørde Stein heile neste dag òg før vi for heim.

Kor mange slike turar det vart, hugsar eg ikkje no. Ikkje alle vintrar var isen sterkt nok heller. Men kanskje var dette dognadsarbeidet med på å realisere det viktige vefsambandet Sunde-Kjøsnes. Likevel tok det 17 år før vegprosjektet var fullfinansiert, og nye 7 år før vegen vart opna.

Men eg er viss på at då vegen vart køyrande, den 15. nov. 1970, var det ein så stor dag for Jølster, og spesielt Sørsida, at til og med ho som Jon og eg åt opp middagen for, tilgav oss.

# Den lange trettand dagen 1740

Stormane hadde herja jølstrabygda lenge nok. No hadde bygda sveipt seg inn i kvitt og grått og ville sove til so lenge. Jølstravatnet hadde ikkje heilt falle til ro, det låg der og blunka og sulla liksom for seg sjøl. Det reiv litt i skylaget. Mellom skyene kunne ein sjå blå himmel og blinkande stjerner av og til. Om bygda og menneskasov, var der noke der oppe som vakte over alt – noke som menneska ikkje rådde med, men måtte bøye seg for, der var det lagnaden vår vart til.

Ja, slik kjende ho Kari det som låg på sauefjøslemmen. Av og til glytte ho ut ein glugge, ho venta. Ho hadde gilda seg og venta i heile dag. Det skulle skje noke no, det var ikkje ein dag fortidleg, helst i seinaste laget. Det var so mange stengsle å bryte.

Det var kome til trettanddag i jul. Jula var helst å kalle ende på no. I morgon tok karane på seg skinnbroka. Silda og havregrauten kom på bordet. Kvinnfolka tok inn rokkane og kvardagen med alt sitt var i vente.

Lensmannsgarden i Sandneset hadde falle til ro. Og kvilte seg til morgondagen. Men oppe på sauefjøslemmen låg terna ho Kari og kava i ørska. Ho venta. Han Jeremias dreng skulle kome att i kveld. Å kor ho venta! Ho snakte halvhøgt med seg sjølv, der ho låg – det var berre sauene som hørde henne, likevel. Ho såg føre seg dagen som no var i vente: «Så tilspørger jeg dig Jeremias Jonson Møklebust for Herrens åsyn og i nærvær av dette følge. Vil du ha Kari Krispiniusdatter Sunde som hos dig står til din ektefelle? – Ja! – Ho tok oppatt og oppatt, det vart vakrare for kvar gong tykte ho.

Ho visste at dei kom til å bli forundra der inne i heimegrenda på Sunde, når dei frette at ho fekk bror til lensmannskona til ektemake, endå ho gjekk her i sitt 39 te år! Å kor ho unte dei det!

No skulle ho Kari kome til heider og ære! Angsten og uvissa ho hadde stridt med i den siste tid ville ho prøve å gløyme. Ungdomsåra som var so vonde ville ho også gløyme. No skulle alt bli nyt. Ho hadde gått her og vore sint på Vårherre for at han hadde skapt henne mindre vakker enn andre. Ho fekk som ein tokke av det, når ho spegla seg i ein sølepytt. Og ho hadde fått vite det av jamaldringane sine i ymse høve. «Du med dei store framtenne, dei store nevane, flatbrysta og skranglut, du skulle vore kar – du vert aldri gift!» På dansefestane var det synbert for alle, ho vart sitjande der på langbenken vanvyrd av alle, endå so danselysten

ho var. Ingen kom bort til henne og spurde: Skal vi gå ein liten tur? Etter kvart gjekk det opp for henne at ho måtte vandre åleine gjennom livet. Når ho vart gammal og ikkje kunne arbeide, kom ho på legd. Ho sa det til mor si ein gong. –Ja, sa mora. «Ein lyt gjere noke sjølv!» Det mora sa, hadde sett seg fast i henne. Og no i denne angsttida ho hadde gjennomlevd, hadde desse orda kome føre henne på ny. Og ho hadde sagt det ut i natta her på hjelten i sauefjøset: «Du mor er skuld i at eg kom ut i dette uføre! Du skulle heller åtvara meg!»

Men no var det von. Ho var viss på at ho fekk den snillaste ektemannen i Jølst. Det hadde ho fått prov for i den tida dei hadde arbeidt saman her i Sandneset. Mangt eit høyfang hadde han bore for henne. Og fann han molter eller bær på fjellet eller han plukka neter i Skjærsura, so delte dei likt. Men heretter skulle dei dele alt livet ut.

Men det var nok so at der i grannelaget var ei onnor jente som ynskte seg ein slik snill mann ved sida og tykte mon i å kome so nær lensmannsslektta. Og den jenta var yngre og vakrare og hadde dertil større arv og heimanfylgle enn ho Kari Krispiniusdatter. Det var ikkje mindre enn eit under at han Jeremias slo lag med den jenta som hadde vore nedpå sedd av alle og der til var 19 år eldre enn Jeremias.

Ho Kari kjende ein slik god varme fare gjennom kroppen og eit livsmot ho aldri hadde kjent før, når ho tenkte på kva som no skulle skje. Ho hadde heile livet gått med eit agg til Vårherre som hadde skapt henne mindre vakker enn andre. Men denne mothugen mot Skaparen var borte no. Likevel kunne ho ikkje seie Kjære Gud liksom presten sa. Å ja, ho burde vel vore meir glad i Jesus òg, so mykje godt han hadde gjort, etter det presten fortalte. Ho var vel for mykje glad i Jeremias kanskje? Og ho hadde kjent det på seg at Jeremias hadde vore glad i henne og. Men var han det no? Det hadde ho av og til tvila på. Den første gongen ho fekk den tanke, det var den gongen ho måtte gå til han å seie: «Jeremias, det er noke eg lyt seie deg. Eg ber på eit liv under bringa som er ditt, Jeremias. Vi lyt gifte oss, og det må vi gjere snart!» Då fall det som ein skugge over andletet hans. Det skremde henne. Og det hadde drygt ut med giftinga. Det var ikkje berre Jeremias sin feil, endå han var litt treg av seg. Foreldra hans på Myklebust var imot dette giftarmålet. Det høvdde därleg med deira planer. Etter som ho forstod. Det var ikkje berre det at ho var

gamal. Men far hennar hadde eit dårleg rykte. Han var «lausiktig» visste dei om. Når det står i skrifta at slikt skal straffast i 3.-4. ledd var det følt å tenkje på.

Dette hadde Jeremias fortalt henne før han reiste heim til jul. Men det gjekk gjetord om at ho var svært flink til å arbeide. Det hadde mildna gamlefolket på Myklebost mykje, hadde Jeremias fortalt henne. Til slutt hadde dei sagt at dei ville sjå henne Kari og snakke med henne. Gamlen hadde mjukna mykje hadde Jeremias fortalt. Når det vart mørkt i kveld ville Jeremias ro over fjorden til Sandnese og hente si brur. Og næste dag trudde han dei kunne reise til presten. Kanskje det klarte seg med at presten trulova dei. So langt var det kome no. Og ho Kari kjende ho hadde fått eit mildare sinn, og det var verkeleg godt å leve.

Kari gjekk ut for å lye etter åretak. No måtte han vel snart kome. Ho såg på sjustjernene at det lei fram mot midnatt. At han Jeremias ikkje var kome no tydde ikkje noe godt, tykte ho. Skulle ho etter måtte bite i eit nederlag? Hadde Gud peika henne ut til å sona far sine missgjerningar? Ho kjende trasen og hemntanka i seg som då ho opplevde si svartaste natt. Ho torde nest ikkje trø i den kvite reine snoen, so syndig var ho!

Då kom han ut av mørket! Jeremias! Du vart so sein før du kom? –Ja, vi hadde ei kyr som kalva. Kom no, Kari! –Eg må kle meg om. Dei gjekk begge inn i bua. Kari let opp kista si. Sjå her, sa ho, og synte fram nokre små klede. Han vart lite glad, det merka ho på røysta. Ho synte fram vadmålstykkje og kvitlar som hekk på stonga. Sjå her Jeremias, har eg ikkje for flink? Opp av kistebotnen plukka ho opp 10 sòlvdarlar. Har eg ikkje vore flink Jeremias? –Jau, han var skjelven i røysta. Du må kome Kari, dei ventar på oss. Går vi til lukke eller til tjon? –No Kari, no vert alt godt! Kom no! Då dei svinga fram om sauefjøset gol hanen. –Når hanen gjel om natta, er det eit dårleg varsel, sa Kari. –Eg såg to halmstrå som hadde lagt seg som ein kross fram for føtene mine idag, det og er dårleg varsel. Tru ikkje på slikt Kari. No er det vonde over Kari.

Jeremias skudde båten frå land. Kari sette seg i bakrø og grep til árane. Nei, sa Jeremias, i kveld skal du sleppe å ro. Eg vil ro. Men når vi tek rotur til Sunde i pinsa vi tre – du og eg, og den vesle eg ber under bringa. Då skal du få ro. Då seg eg bak i ronga, med den vesle på armen, det gled eg meg til. A eg tykkjer eg høyrer susen frå Grova-fossen som har lækt mitt såre sinn so mang ein gong. Gled deg Jeremias! Vi skal sjå på alle heggena der inne som står i blom. Dei gjorde ikkje skil på folk. Dei smilte også til meg. Det var ikkje so mange som smilte til meg. Eg hadde ei hard ungdomstid skal du vite Jeremias. Det er først no eg opplever ungdomens vår. Jeremias sat tagal og tankefull og rodde.

Sjå deg føre Jeremias, vi kjem under Ålandet. Du

ror for langt ut. Eg veit kor de bur. Vi skal under Ålandet, eg låntok båten der, svara Jeremias. Kvifor gjorde du det? Båten vår lek so fælt, svara Jeremias. Å ja, det vert langt å gå, eg er ikkje so lett på foten forstår du vel Jeremias.

Båten støyte mot land. Jeremias tok ei øre, sette mot botnen, og staka båten 2 alner lenger fram, so hoppa han på land. Kari sjangla litt. Jeremias rette henne handa og ho kom seg på land. –Vi let båten stå slik, han står godt. Jeremias famla etter noe opp på naustlemen. –Du kan take til å gå, eg kjem snart. –Nei, du Jeremias lyt gå føre, eg veit ikkje vegen. Han drog noe ned av naustlemen. –Kva er dette, Jeremias? –Det er noe eg skal ha med meg. –Eg trur det er ei børse, illskreik Kari. –Eg som alltid har kjent ein styng i hjarta kvar gong eg ser ei børse! Med skjelvande hender lyfte han børsa mot Kari. –Herre Gud! Du Jeremias er ikkje den du var, har Satan gått i deg? Veit du ikkje at «syndens lønn er døden? So sprang ho bak ein klungerbusk og ropte: –Gud tilgje vår synd, frels mi sjel, tilgje Jeremias han veit ikkje kva han gjer! Då small det! Kari stupte med eit skrik. No var ho forløyst, ho slapp å gå fleire motbakkar. Denne turen over vatnet var hennar ungdoms vår! No var ho heime.

Jeremias sveitta. Kva var det han hadde gjort? Her var gjort synd på synd. Han såg ned i ein avgrunn han ikkje såg botn i. No fekk han aldri ein glad dag meir her i denne verda. Dette måtte han løyne. Han kunne kanskje løyne det for menneska. Men han kunne ikkje løyne det for Gud som ser alt!

So tok han den døde kroppen inn i båten, batt steinar i kleda hennar, rodde ut på fjorden og sökte henne ned i djupet. Han visste at der for alle hennar ljose draumar med ned i djupet. Og det som skulle vore deira framtid og deira skatt so lenge livet varde, for ned i eit evig mørke. Børsa let han gå same vegen. Han sveitta, dette var den lengste dag han hadde levt. Men no var det gjort!

Ho Kari Krispiniusdotter var sporlaust borte. Det var stort oppstyr, først i Sandneset og so vidare i heile Jølst. Lennsmannskona i Sandnese var nok den som skjøna mest. Ho hadde havt ei aning om at noe ville skje fram mot våren. Heile bygda meinte at her var gjort eit brotsverk. Presten tok denne hendinga fram i høgmessepriekja i Helgheimskyrkja, og orda fall slik: «Kjære sognebarn. Hvad høyrer jeg om eder? Den styggeste gjerning som gjøres kan, den er gjort her i vårt prestegjeld! Og han som har gjort denne skjænselgjerning sitter her i kirken i dag med blodige hender! Alle auge rette seg mot Jeremias. Og mange la merke til at Jeremias såg ned på hendene sine. Jeremias var ikkje den han hadde vore, det såg alle. Det opne reine guteandletet var borte. Han gjekk rundt og kjende på at alle auge såg stift på honom. Og han kjende tankane dreia: Der er mordaren!

Det gjekk sleek, at etter ei tid ramla alt i røys for Jeremias. Han tilstod alt. Etter ei tid fekk han dom-

men: Den hardaste dom som menneska kunne få. Det vart halshogging og han skulle knipast med gloande tenger før avrettinga. Men saka var hand-sama på ulovleg vis. Han Jeremias skulle havt forsvarar. Det hadde vorte forsømt. Det gjekk over 2 år før den endelege domen kom. Den domen var noke mildare, han skulle vere fri å bli knipen med

gloande tenger. Jeremias vart spurd kva han tykte om domen. Men Jeremias hadde mjukna no. Han svara at han underkasta seg Gud og kongens nåde.

Og so vart det sett punktum for Jeremias Jonsons liv ein haustdag 1942 på rettarstaden i Bergen.

Anders P. Sægrov

# Kvernsteinar og smalehovud

Laurdag 6. april 1991 hadde «Firda» ein lang reportasje om eit skipsvrak i Alverstraumen med 500-600 kvernsteinar. Sjøfartsmuseet i Bergen kunne fort slå fast at steinane stamma frå dei gode kvernsteinsbrota i Åfjorden i Hyllestad. Riksantikvaren løyvde pengar til å få heile lasta i land og attende til Hyllestad. Dermed har bygda fått ei samling som fortel både om stor kvernsteinproduksjon og eit vidgreint salsapparat heilt attende til middelalderen.

Noko namn på produktet er ikkje oppgjeve, men her kan ordsamarane på Jølst vere til hjelp. Olav N. Øvrebø, som sjølv har ein av desse gamle kvernsteinane, fortel at dei vart kalla åforskekvennj. Dette for å skilje dei ut frå selbukvernane, som kom seinare.

Sjølve namnet åforskekvennj er lett å tolke. Midlekken førsk må gå attende på norrønt firzkr, eldre \*firdskr, på same måte som gardsnamnet Føre/Førde går attende på norrønt firdi, dativ av fjordr (fjord). I dag ville vi seie åfjordske kvernar, eller åfjordskvernar.

I vekene før jul lagar vestlendingane festmåltid på smalehovud. Gamle og unge, foreldre og born pri-klar og grep på sitt tildelte halve. Det gjeld å få ut mest mogeleg av godbitane utan å ta med eitlar og anna uetande. Men når ein kjem bak under øyret, dritt det brått fram eit tunt lite bein som er omlag likt i både endar. Det heiter Jakobstaven fortalte mor, og ho la til:

Det er dette beinet som gjer at sauken ikkje kan snakke. Same segna har eg fått frå Åsnes i Fjaler, men der sa dei lyklebeinet. Frå Fusa er notert lykla-beinet, utan segn.

Det vesle beinet, eitt på kvar side av hovudet, må ha stimulert fantasiens hjå våre forfedre. Namnet jakobstaven leier tankane mot eitt av dei eldste

motiv i kristen kunst, såkalla apostelframstillingar. På desse biletta eller skulpturane, som ein finn i mange kyrkjer, er dei tolv apostlane i regelen lett å identifisere fordi dei er framstilte med personlege kjenneteikn som viser til noko sentralt for vedkommande. Peter er utstyrt med ein lykel. Det siktar til Matteus 16,19 der Jesus seier til Peter: «Eg vil gjeve deg lyklane til himmelriket; det som du bind på jorda, skal vere bunde i himmelen, og det som du løysar på jorda, skal vere løyst i himmelen».


Jakob Sebedeusson er framstilt med ein vandringsstav, fordi han reiste så vide. Han skal etter tradisjonen ha vore like til Spania. Her har vi truleg opphavet til namnet jakobstaven på Jølst. At der og fanst eit gammalt navigasjonsinstrument som heitte jakobstav, kan vi ikkje komme inn på her.

Til slutt litt om ordet lyklebeinet, «eit bein som ser ut som ein lykel». Både Allkunneboka og Aschehougs Leksikon omtalar lyklebeinet (clavicula) som kragebeinet, «eit bein hos ryggbeinsdyr mellom akselblada og brystbeinet». Dette høver ikkje for det vesle lyklebeinet i saupekjeten som vi hørde om frå Åsnes i Fjaler. Det er mykje rimelegare å tro at det er identisk med jakobstaven frå Jølst.

Ja, slik kan ein undrast medan ein gumlar på sitt smalehovud. Og er det nokon som har namn og/eller segn i tilknytting til det vesle beinet, vil eg gjerne høre frå dei.

På førehand takk.

Daniel Dvergsdal



# PÅ HII SIDA

**D**ette er Karin Dokset. Eg fekk forespørsel om å skrive litt om mine opplevingar i Australia. Eg var i fjar med på IAEA (International Agricultural Exchange Association) sitt jordbruksutvekslingsprogram, som trainee. Ein trainee arbeider for ei lita løn på garden, men er mykje meir enn ein vanleg arbeidar. Du blir som ein del av familien du bur hos.

**No vil eg prøve å gje dykk ein smak av alle dei flotte minna eg set igjen med, etter eit opphold i «Down Under».**

## Avreise

Fredag den 13. (av alle dagar!) september i fjar haust starta reisa mi i København. Det var ein eventyrlysten og forventningsfull gjeng, som gjekk og trippa på Kastrup Flyplass like før avreise. Etter ei lita orientering og innsjekking var det berre å sette seg godt tilrette i flyet. Det var ikkje fritt for at det kribla litt i magen då flyet letta og vi var på veg!



Eg i full swing med mjølkinga.

## Singapore

Etter nesten 20 timer ombord i flyet, landa vi i Singapore. Det var med i programmet å stanse vel 2 døgn i ein by i Asia. Vårt første møte med landet var spesielt. Den tropiske varmen og den høge luftfukta var tøff å bli van med. Sveitten rann, og det var ikkje få liter væske vi tok inn desse to dagane.

Eine dagen var vi på sightseeing. Vi besøkte først Singapore Royal botanic Gardens. Det var ei oppleveling å gå rundt å la blikket vandre frå den eine eksotiske planten til den andre. For ei fargeprakt! Blomar og busker i alle slags storleikar og fargenyansar.

Etterpå tok guiden oss med opp på det høgaste fjellet i Singapore, på heile 105 m.o.h.! Derifrå tok vi taubane ut til Sentoza Island. Der det var kilometervis med kvite strender, palmar og turkisblått hav.....

Vi var også innom eit budhistisk tempel. Det var spesielt å vere vitne til at folk kom inn, ofra til guden og ba.

Singapore er ein rein og fin by. Vi måtte vere påpasselege å ikkje kaste boss i gatene etter oss. Gjorde vi det, måtte vi punge ut med fleire tusenlappar. Elles er Singapore ein typisk handelsby. Mange av oss nyttar høvet til å få kjøpt seg billeg kamera- og videoutstyr.

Vi følte at to og eit halvt døgn i dette klimaet var nok. Då vi igjen sette oss i flyet, var det med Australia som bestemmelsestad.

## Australia

Kl. 6.45 tysdag, 17. september — ein regntung og kald dag, ankom vi Melbourne flypass. Endeleg var vi i Australia! Men det kunne ikkje gå heilt opp for oss. Då bussen tok oss frå flyplassen, sat vi berre og såg ut glaset, og måtte spørje oss sjølv: Er vi verkeleg i Australia? Det var forunderleg å tenke at der var vi, med Norge og alle heime på den andre sida av jordkloden.

Fire dagar tilbrakte vi på eit seminar, der vi lærde litt om landbruket, folket og skikkane i Australia. Og sjølvsagt fekk vi høve til å smake det berømte australske ølet!

Tru det eller ei, men det var kaldt ver. Årstidene er omvendt frå slik det er her, så då vi kom var det tidleg på våren. Vi var i alle fall glade for at lusekofta var med i bagasjen!

Etter fire dagar i lag, var det tøft å ta farvel og dra kvar til vårt. Vertsforeldra troppa opp, og etter avskjedsmiddagen gav vi oss i veg til kvar vår kant.

Eg hamna heilt nord i staten Victoria, ca. 250 km nord for Melbourne. Landskapet er der heilt flatt, så det var litt av ein overgang frå det eg er van



Korleis hadde det gått med slike vogntog på vestlandsvegane? Denne trailaren fraktar dyr og er 50 meter lang.

med frå heimbygda. Sjølv om det i første møtet med Aussie var heller kjøleg, tok det ikkje mange vekene før eg fekk føle den sterke sola (og alle dei hersens flugene...) på kroppen. Høyet hausta vi allereie i november. Etter det vart markene heilt uttørka, utanom beita som vi måtte vatne. På dei mánadane eg var der nede kan eg telje nedbørsdagane på ei hand.

Garden til vertsfamilien min er på 1700 mål. Eg fann fort ut at å mjølke 150 kyr, er det minste problem i verda. På omrent 1,5 time var mjølkinga unnagjort. Vi mjølka kyrne i eit skur med 10 mjølkesett og plass til 20 kyr om gongen.

Australane var interesserte i å vete korleis landbruket i Norge er. Når eg fortalte om våre 12 kyr og 10 sauvar, såg dei rart på meg og lurde på om vi mjølka for hand.

Forutan å hjelpe til med gardsarbeid, hjalp eg vertsmora mi ein del. Ho har ein stor, flott hage og ein liten kafé. Både lokalfolk og turistar kjem for å ta seg ein spasertur i hagen og noko å ete i kaféen etterpå. Før jul i fjor, hadde vi til og med besök av to damer frå Finland!

Julefeiringa der nede var anleis erfaring å ta med seg. Allereie i midten av desember, kom dei med «julegrana» som blei pynta og stilt opp. Julaftan var ein heilt alminneleg dag. Mens 1. juledag var det julemiddag med kalkun og «plumpudding» og sjølv sagt opning av gaver.

Det var ikkje berre ein gong at tankane vandra heim til dei i Noreg, på ein slik dag. Med full sommar og varmegrader på over 40 i skyggen, var det heller dårlig med julestemning.

Familien min var heilt topp. Eg følte meg som ein av dei frå første stund. Dei har eit utruleg godt humør, så vi hadde mykje moro i lag. Familien min var vel ein typisk australsk familie, som elskar å gå

ut på puben å ta seg ei øl! Dessutan dreiv dei mykje med vass-sport. Så kvar helg var det opp til og elva og teste vannskia.

## Safari

Siste mánaden av opphaldet var dei fleste av oss med på ein safaritur. Vi starta i Melbourne og reiste nordvestover mot Adelaide, før vi sette kursen nordover. Sjølv om vi hadde opplevd sterkt varme og ørten fluger før, var det ingenting mot det som møtte oss i sentral Australia. Dette er den minst befolkta delen av Aussie. Med raud sand og tørre busker så lang augtet kunne sjå, var det lett å forstå.

Vi kom til byen Coobar Pedyu der 90% av inbyggjarane bur under jorda, for det er så varmt på overflata. Vi var inne i ein slik underjordisk heim. Det var riktig koseleg der, og faktisk kjøleg.



Tam kenguru med namn Mr. Rooby (type Western Grey).

Det var vidare nordover til Ayers Rock. Denne kjempemessige «steinen» som plutselig stikk opp av det flate ørkenlandskapet. Med ei høgd på 350 meter og ei gårute på 1,6 km, var det duka for fjelltur. Det høyrest kanskje ikkje så langt ut, men å komme seg opp stigningar på opp til 70% i steikande sol var litt av ei påkjennung. Men for ei kjensle, når du kom opp på toppen! Ei slik utsikt skal du leite lenge etter. Den glitrande rauden sanden i kontrast med dei grøne buskene og det gule graset, var eit syn.

Vidare nordover finn vi ein stad som heiter Alice Springs. Der fekk vi teste kamelriding-ferdigheita(!) og å bli med på ballongtur. Det var ei ubeskriveleg kjensle å gli stille gjennom lufta. Vi overvar soloppgongen høgt til vers. Og plutselig såg vi ein flokk kenguruar som for hoppande av garde!

I Alice Springs såg vi også ein del til dei innfødde. Det er frykteleg å sjå korleis dei kvite sin innverknad på samfunnet, har gått ut over «aboriginals». Det er dei færreste som har eit skikkeleg tilvære. Arbeidsløyse og alkoholmisbruk pregar kvardagen til dei fleste innfødde.

Vi forlet så «Red Centre» og heldt fram austover mot kysten og meir befolka område. Var innom Tavnsville før vi for ut til øyriket Whitsunday Island. Der fekk dei som ville, prøve å dykke. Det var noko å ha med seg. Berre det å kunne sjå livet under vatn med eigne auge, var ei oppleveling i seg sjølv. Vi svømde mellom fiskane og beundra dei vakre korallane som glitra i alle regnbogens fargar.

Turen gjekk vidare sørover langs kysten og vi besøkte kjende stader som Gold Coast og Surfers Paradise. Det blei nokre dagar på idylliske strenner, ja.

Safarien hadde Sydney som sluttstad. Der var vi på cruise og besøkte sjølvsagt det verdskjende operahuset.

Det gjekk mot slutten av opphaldet som trainee i Australia. Avreisedagen kom og vi måtte ta farvel med dette landet vi hadde lært å kjenne, og blitt så glade i.



*Store delar av filmen «Der elvane møtes» vart spelt inn i Echuca, berre 1/2 times køyring frå der eg budde. Her er eg føreviga framfor ein av elvebåtane som fortsatt er i drift.*

Det var med klump i halsen og ei lita tåre i augen-kroken at vi tok plass i flyet, og vende nasa mot Europa og Norge.

Eg håpar at eg med dette greidde å gje dykk ein aldri så liten smak av noko av det eg opplevde som trainee i Australia.

Til slutt vil eg oppfordre andre til å gjere som eg. Er du mellom 18 og 30 år? Grip sjansen! Det kostar deg nokre kroner, men eg vil kalle det «ei god investering». Du får så mykje igjen for pengane i form av utfordringar, unike opplevelingar og dyrebare venskap verda over.

Synest du dette vil vere noko for deg! Ta gjerne kontakt for nærmere opplysingar.

*Helsing Karin Dokset*



*I begynnelsen av november var vi ferdige med høyonna. Her fraktar eg høyballane i hus.*

## Prolog til 90-års jubileum 29. februar 1992

Av Solveig Viken

Når vi no skal feire so stor ein dag  
90 års jubileum i Skei Ungdomslag.  
Vi vil ynske dykk alle «Velkommen».  
Det er lenge sidan no  
- Året nitten hundre og to -  
Det var då laget vart starta  
og når sant skal seiast -  
so var da noko heilt aparta -.  
For ikkje hadde dei bus - og slett ikkje slant  
At det ikkje var so heilt enkelt  
- skal vera visst og sant.  
Men ungdomen hadde mot den gongen  
Og å treffast til hyggjeleg samvær  
- dei hadde trøangen.  
Og so var det dei kom på -  
at her var ei tom lœ - dei kanskje kunne få -  
Den fekk no greie seg i starten bra -  
for ungdomsmøte - det ville dei ha.  
Um det ikkje var no so flott lokale  
så kunne dei saktens både synge og tale.  
Og ta seg tid til ein diskusjon  
med friske innlegg og uten tids-rasjon.  
Litt skrøne og stubbar, dei au kunne ha -  
her kunne det bli både moro og bra -  
So her var det best å slå til.  
Medlemspengar var kr. 1  
og det var ikkje so lite då -  
No er det lite og inkje å få  
for slik ein kapital -  
Vi lyt vel ut med litt meire no  
om laget seg bere skal.  
Om laget si soga - kunne seiast so mangt.  
Men å ta med alt - ville verta for langt.  
Etter som åra og tida har skride -  
har vi havt både gode og dårlege tide.  
Ei takk til dei - som trufast bar stræva  
til beste for laget - so det kunne leva.  
Vi heidrar au vil - dei gamle «Veteranar»  
som kom på ideen og fullførde plana.  
Ser vi litt attende i tida frå no -  
Kan vi minnast drifta av laget so:  
Vanlege møter - kvar 14 de dag  
med sjølvlagda program av ymse slag.  
Og so hadde vi festar - med innbedne gjestar  
Jente og guttekveldar, vi hadde kvart år  
Og ein feiande korgfest -  
når jula mot slutten går.  
Men det likaste var -  
Skotårsfesten - den 29 de februar.  
Fire år sidan sist  
Du verden for tid - so trist.  
Men i år vi atter sjansen har  
og den kan nyttast av nokon kvar.  
Vi pynta så fint med hjarte og lenker  
litt dunkel belysning kan hjelpe vi tenkte.  
Musikk - det har vi av likaste slag.  
Vi vonar det vert for alle: «Eit hyggeleg LAG  
Til sist vil vi takke kvar gjesten -  
som kom og var med oss på festen.  
Ei takk au til dei - som tok seg av streve -  
Til 90-års jubilanten: «Eit lenge leve».

# Ver tru mot din ungdom!

Aret 1992 har vore eit særskilt spennande år i Skei Ungdomslag. Laget fyller 90 år, og det har vi feira med ein stor jubileumsfest. På denne festen hadde vi glede av å avduke ei vakker fane, sydd av Karin Ormbostad frå Stranda på Sunnmøre. Utkastet til fana er laga av vår lokale kunstnar, Audhild Paus Skrede, og motivet er måla frå Haugen Camping mot Skei. Så langt vi kjenner til har ikkje laget hatt fane før, og avdukinga vart eit naturleg høgdepunkt på festen.

Aktiviteten i Skei Ungdomslag har svinga frå år til år. I den seinare tid har vi merka ei aukande interesse.

Det tradisjonelle innan ungdomslag — leikarring og dans — står sterkt i Skei Ungdomslag. Leiknemnda er ei av dei nemndene som har hatt den største aktiviteten dei siste åra. Ein gong i veka samlast ivrige born og ungdomar til dans og moro. Det dei har lært her, har du kanskje sett på ei av dei mange oppvisningane.

For danseglade vaksne har vi òg tilbod. Swingkurs har vore arrangert, og blir no følgd opp med dansekveldar. Desse kveldane er ikkje berre for ekspertar. Dei er opne for alle, anten ein har gått kurs eller ikkje.

Teaternemnda har i høve 90-årsjubileet laga revy. Dette vart ein stor suksess, og har inspirert til vidare arbeid i nemnda. Det ligg alt planar om ein ny revy. Dersom dei gjer det like bra denne gongen, har vi verkeleg noko å sjå fram til.

Overskrifta vi har valt, er ikkje tilfeldig. Ver tru mot din ungdom, er mottoet som pregar baksida på fana vår. Dette let vi stå som ei utfordring til lesaren, i det vi går det nye året i møte.

Siv Magnussen



## SOMMAR


Sommaren er her  
det er skulefri  
varmt ute,  
vi et is og badar,  
snart er sommaren over.



Therese


Ski  
lange, tynne  
sklir bortetter  
lagar spor i kvit snø  
Ski.

Solgunn




Kattane.  
Ganske redde  
– dei fleste  
Eg skulle gjerne  
kosa med dei!

Oddveig




## Julenissen

Reinsdyr, sledé  
Kjem med pakkar  
Så reiser han att  
Julenissen.



Norodd



Julepakkar  
store, små  
gjev folk spenning  
Eg likar innhaldet.  
Julepakkar.



Julehefte  
morosame, farerike  
massevis av action  
ein del av jula  
julehefte

Geir

## PAKKE

Det kom ein pakke i posten  
ein pakke ---  
med namn og  
adresse  
og innhald.  
Pakken var min.

Asgeir



Sola  
sola skin  
sola smiler  
sola daler  
sola vert borte  
Sola.


Kristin




Vinter  
Kvit som laken  
kald som isen  
frosne tre  
og  
blanke sjørar.  
Joveig



Sparegrisen  
gøymer mange  
pengar  
full, tung.  
Krus han  
– og du er rik.  
Atle/Nils




Haust!  
Regn og skodde  
Støvletid  
Blada  
raude, gule  
fell av trea  
fjella svartnar  
Kveldane  
lange, mørke  
Haust!



Siv Mari

Middag,  
velsmakande, god  
kniv, gaffel, skei  
fisk er aller verst  
middag.

Andre



# Elevdikt 8. klasse Skei skule



Julenissen  
stor, skjeggete  
gir deg pakkar  
kjem gjennom  
pipa  
Julenissen.

Per Magne




Juletre  
grønt,  
glitrande  
juletre.  
Det står i ro  
mens det er glede  
rundt  
juletre

Olav



Alltid  
kjem  
ein ny  
morgen.  
Alltid  
trøytt  
Vil  
sove vidare.


Åse



Kakeboksen  
står i skåpet  
full av sprøe, sòte  
bitar


Stikk ei hand ned i  
og gå rundt og et  
så det blir  
smular  
i heile huset

Oddveig



Juleribbe  
sprø – saftige  
smakar kjempe-godt  
gjer deg mett og feit  
Juleribbe.

Arne



# Barneside

v/Laila Hov Sandnes

## GODT SAGT

Alle klagar over godt hugse, men ingen over därleg vit.

Rik eller fattig, det er gildt å ha pengar.

Du er ung berre ein gong, sidan må du finne på andre orsakingar.

Mange tenåringar undrar seg over kva foreldra deira dreiv med i deira alder, sidan dei er så mistenksame.

Visst påverkar røyking utsjånaden, berre sjå på røykjesilda.

Mennesket trur det er noko storveges, men for ein mygg er det berre noko godt å eta.



**Les vassrett og loddrett  
og sjå om du finn 15  
matrettar eller bakverk  
i denne oppgåva.**

**Løysinga sender du til:**

**Jølster Mållag,  
v/Ingrid Søyland Hope,  
6840 Vassenden,**

**før 10. januar.**

**Bokpremiar.**

K	R	A	S	P	E	K	A	K	E	R
B	K	J	Ø	T	K	A	K	E	P	N
E	R	T	E	S	U	P	P	E	L	L
T	F	Å	R	I	K	Å	L	L	E	U
A	K	N	G	G	R	R	E	O	K	T
S	R	K	O	R	B	I	F	F	A	E
U	N	B	M	A	K	F	S	F	K	F
P	K	U	B	U	S	S	E	N	E	I
P	O	T	E	T	K	A	K	E	K	S
E	N	S	R	I	B	B	E	S	T	K
T	J	U	L	E	P	Ø	L	S	E	T



# *Har du eit gøyme*

*Har du eit gøyme  
til meg  
og mine ord –  
dei er berre for deg.*

*Mine ord  
er få og enkle.  
Dei handlar om noko stort.*

*Jorbild Gjesdal*

# *ORD*

*Det er alltid  
ord  
som ikkje vert sagde  
ord  
som ikkje vert forstått  
rop  
som ikkje vert høyrde.  
Kvífor spør eg ikkje meir –!*

*Jorbild Gjesdal*



Rør og rørartiklar  
Sanitæreanlegg og utstyr  
Varmeanlegg med ved, flis og olje  
Pumpe anlegg  
Kjøkken innreiing  
Baderom og møbler

## **JØLSTER RØR A/S**

Aut. rørleggarbeiter  
**TROND AARDALSBAKKE**  
6850 SKEI I JØLSTER



**ÅRDALSBAKKE**  
**ELEKTRO-AS**

STERKSTRÅM • SVAKSTRÅM • TELEINSTALLASJON  
6850 Skei • Tlf. 057-28 135/28415 • Mob. 090-03 227

**FAX 057-28 595**

- Nærbutikken som har det meste
- Fast lågpris på varer som er aktuelle for dei fleste
- Langope til kl. 18.00 kvar torsdag
- Velkommen til handel på Vassenden samyrkelag!

## **S-MARKED VASSENDE**

Tlf. 057-27 200

## **Snikkarverkstad til teneste.**

Vi laga nytt eller resleie det gamle,  
både hus og møblar.  
Visst det ikkje er ubotelæ.  
Kan hende du blir forsuppa over ka vi får te.  
Vi hjelpe deg gjerne, da æ no fôrtrælæ  
å gå jærandslause!

**JØLSTER BYGG AS**


6840 VASSENDEN I JØLSTER -- TELEFON (057) 27 415

*Hjarteleg  
velkommen til  
handel  
i julestova.*



**AUDHILD VIKENS VEVSTOVE**

Skei - Tlf. 28 125



**OTTO DALE VVS**

6840 VASSENDEN

TLF.: 27 197

MOBIL TLF.: 094 - 71 249

**N. B. KVAMMEN**

EIKÅS, JØLSTER  
ASS. HANDEL

Telefon nr. (057) 27 154 - Postgiro 5 79 98 46



• Gåveartiklar  
• Avskorne blomar  
**MARGUNN**  
• Potteplantar  
• Uteplantar  
• Kransebinding  
• Brudebukettar  
• Pynting i kyrkja  
BLOMSTER

Skei — tlf. 28 440

**JØLSTER  
FOLKEBIBLIOTEK**

HOVUD  
BIBLIOTEKET  
6850 Skei i Jølster  
Tlf. 057 28 520

*Opningstider:*  
Mandag ..... 10-15  
Torsdag ..... 15-19  
Fredag ..... 12-17

VASSENDEN  
FILIAL  
Tlf. 057 27 593

*Opningstider:*  
Mandag ..... 16-19  
Onsdag ..... 11-14

**KRAMBUA  
SIGURD KLAKEG**  
6850 SKEI  
TLF. 28122

**Firma Gunnar Hylderås - Sandal**

Ass. Landhandel  
Medisinutsal - Tipping - Lotto - Måltips  
Kontaktmann for V.S Sørsida  
Bingoblokker Radio Jelst  
Fiskekort/Jaktkort  
TELEFON 27 656

Ta juleklippen  
når det passar deg.  
*Prene's  
prisvinstore*  
Tlf. 057 27 524

## ALF HELGHEIM & CO

6850 SKEI I JØLSTER  
TLF. 057-28 311

UR — OPTIK — GULL — SØLV  
MUSIKK — FOTO — VIDEO



N-6850 Skei i Jølster  
Tlf. 057-28 101 — Telex 40 531 skeho-n — Telefax 057-28 423

### MEIR ENN 100 ÅR I REISELIVET SI TENESTE

Vår tradisjonsrike familieverksemd følgjer med i tida, og er idag eit moderne og komfortabelt hotell med 140 sengar fordelt på 72 gode rom med bad/dusj/WC/tlf. Her er store salongareal og spisesal med plass for inntil 300 personar. Dans til levande musikk, bar, folkedansframsyning/folkemusikk kvar veke i sommarsesongen. Eigen kafé med plass til 130 gjester (mai-september). Fleire både større og mindre, godt utstyrt møte- og kurslokale. Plenumssal med plass for inntil 250 personar. Aktivitetsrom, badstu, boblebad og solarium. Har montert teleslyngje for høyrselshemma i alle avdelingar, resepsjon, møtesal, salong og matsal.

Stort utandørs parkareal med oppvarma symjebassend (mai-september) og tennisbane. Praktfullt turterreng, ørretfiske, båtar, syklar, hestar (ridesenter 5 km frå hotellet), breiflyging. Godt utgangspunkt for ein rekke turar med bil eller buss.

Sommarsesong mai-september. Elles ope heile året for kurs, møter, konferansar og alle slags arrangement.

Vi ynskjer velkommen til eit hyggjeleg opphold!  
FAMILIEN SKREDE



## PLASTKORT

Enklare enn sjekk,  
sikrare enn kontantar!

Plastkorta har kome for å bli – alle-mannseige. Det er ikkje vanskeleg å forstå kvifor. Det rette plastkortet blir motteke med eit smil verda over. Kortbrukarane smiler og! Dei veit at dei ikkje kjem til kort sjølv om bankane er stengde, lommeboka vrengd og bensintanken tom! Personkort, Premier Card og Firmakort – nyttig til tusen!



**SPAREBANKEN**  
**Sogn og Fjordane**



## Jølster Samyrkelsel

Avd. 001 - Skei i Jølster - telefon 28 377

Avd. 002 - Stardalen - telefon 28 929

Avd. 003 - Årdal - telefon 27 644

Såvarer  
Kraftfor  
Kunstgjødsel  
Landbruksmaskiner  
Verkstad



**VALMET**

TA KONTAKT MED  
BONDEN SIN EIGEN FORRETNING



**Felleskjøpet Vestlandet**

Bergen Tlf. 05/325500	Skei i Jølster Tlf. 057/28202	Etne Tlf. 047/66544
5800 SOGN DAL — TELEFON (056) 71 905		
6900 FLORØ — TELEFON (057) 41 411		

**BUTIKK OPEN FRÅ KL. 10.00-20.00**



6840 VASSENDEN — TLF. (057) 27 135

KVAR DAG

EIT  
HYGGELEG  
SENTER  
FOR  
HEILE FAMILIEN!

Velkommen  
til ein god handel

**DAGLEGVARER  
VEGKRO  
STATOIL BEN SIN**

OPE TIL 22.00

KVAR DAG

**video**

## MAGNHILD HEGHEIMS VEVSTOVE

Ålhus, 6840 Vassenden  
Tlf. 057-27705


ÅKLE - LÖPARAR - PUTER M.M.  
TEPPE ETTER MØNSTER AV  
NIKOLAI ASTRUP


A/S **LEFI** BAKST  
TLF. 057 272252

6840 VASSENDE

Omtrekking av møbler?  
Kontakt

**Jølster Møbel- og interiørservice**  
Telefon 27 612





Ørbefossen.

Foto: Ingrid Søyland Hope

**Kr. 30,-**

EKO-Trykk A.s – Førde